

**VALDRESKVELVEN
SPEL- OG DANSARLAG
VANG I VALDRES**

11. februar 1988

Kjære medlemmer !

Vi har teke fatt på eit nytt år og dermed har vi årsmøtet like for døra. I den samanheng kan det også vera greitt og informere om eit og anna som har skjedd i året som har gått, og litt om planar framover.

Årsmøtet vert altså på Grindaheim hotell onsdag 17. februar kl. 1930. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vert det traktering og loddsal. Nils Rogn vil ta med seg nokre ljusbilete bl.a. frå div. tilstelningar i laget. Jentene frå Grinda belgen kjem med instrumenta sine, slik at det blir høve til ein svingom. Vi håper at mange kjem, både gamle og nye medlemmer, og at det blir ein triveleg kveld.

På eit ekstraordinært årsmøte 9.10.87 vart Folkemusikknemda for Valdres omorganisert og omdøpt til Valdres folkemusikk-lag. Nils Rogn, Rolf Karlberg og Olav Jørgen Hegge hadde laga forslag til nye vedtekter. Dei vart godkjennt med små endringar. Lokallaga vert medlemmer i Valdres folkemusikk-lag og ikkje enkeltpersonar som før. Kvart spel- og dansarlag har to utsendingar til årsmøtet.

Den tradisjonelle festen i Hugali går dessverre ut i år. Kanskje vi skulle satse på eit anna alternativ ?

Ein skulekonsert på VBU er under planleggjing. Den skal finne stad før påske, for klassane 6. til 9.. Dei som skal vera med har no lagt seg i trening!

Vennis har alt fått avvikla ein vellukka gamaldanskveld. Neste-mann ut er Vang, nærmare bestemt på VBU 28.2.. Det er også meininga å få til ein gamaldanskveld på Åsvang i mars.

For få hadde meldt seg på springarkurset slik at det kom dessverre ikkje igang.

Det er øving på fele på Åsvang måndagskveldane. Vi reknar med å starte oppatt øvingane etter jul måndag 15.2.. Fleire er velkomne. Kontaktperson Nils Rogn.

Annankvar torsdag er det langeleikøvingar også på Åsvang. Leidar Oddrun Hegge. Ope for fleire interesserte. Kontakt Solbjørg Oldre.

Er det nokon som har idear til tilstelningar eller aktivitetar så er styret svært glad for å høyre frå dykk !

Vel møtt på årsmøtet 17. februar !

Styret

V/Kari Flagaseth